

Balestrand idrettslag (BIL) og Sygna VGS i godt samarbeid!

- 1) Du som skal gå fotball (toppidrett) på Sygna, MÅ lese dette brevet.
- 2) Skal du gå MIX (breddeidrett), men ynskjer å vere med på eit fotballag, MÅ du lese dette brevet.

Mitt namn er Henning, og eg er leiar for fotballgruppa i BIL. Vi har i samarbeid med Sygna VGS gleda av å ynskje deg velkommen til bygda, skulen og idrettslaget!

BIL har fleire aldersbestemte lag frå miniputt til gutelag. Speltilbodet på junior/seniornivå, varierer noko frå sesong til sesong. For skuleåret 16/17 ser dette slik ut:

- Gutar 15-17, 9ar. (Ei særordning for Sogn og Fjordane at 17 åringar kan spele i serien)
- Eitt damelag i 3.divisjon
- To herrelag. Eitt lag i 5. divisjon og eitt lag i 7. divisjon, 7ar

BIL og Sygna VGS, har utvikla eit svært godt samarbeid, og fleirtalet av spelarane på seniorlaga våre er elevar på Sygna. I tillegg er lærarane representerte både som spelarar og på trenar/leiarersida. Dette gode samarbeidet er viktig både for idrettslaget og for skulen.

Som spelar i BIL vil du få høve til trene organisert i minst ei av våre treningsgrupper. Du vil få eit godt kamptilbod, og ikkje minst få vere med i eit flott sosialt fellesskap. Fleire av spelarane opplever det meningsfullt å ha ein aktivitet utanfor Sygna.

Dette krev vi av deg som vil vere spelar for eitt av BIL sine lag: *at du forplikte deg til å møte på alle treningar, kampar, dugnader og anna i BIL-regi og at du betale trenings- og spelaravgift.* Årleg trenings- og spelaravgift for 2017-sesongen er på kr 3 000,- Av dette er kr 300,- medlemskontigent til BIL. Beløpet vert delt i to og betalt i to terminar, vår og haust.

Elevar som skal gå fotball (toppidrett) må spele aktivt på eitt lag. Haustsesongen for BIL sine lag starte rett etter skulestart. Det er difor viktig at overgangen er klar ved skulestart.

- 1) Fyll ut vedlagt «samtykkeskjema».
- 2) Hugs på signatur frå forelder/føresett.
- 3) Fyll ut vedlagt «innmeldingsskjema» som medlem i BIL.
- 4) Skann inn, eventuelt ta bilete av ferdig utfylte skjema og send til h.sagevik@gmail.com
- 5) Frist for innsending av skjema for å vere speleklar til sesongstart, er 1.aug

Søk gjerne opp «Balestrand fotball» på Facebook, så kan du verte litt kjende med oss der.

Har du spørsmål utover det som står i brevet, ta kontakt med Henning eller Johannes (trenar og lærar på toppidrett fotball)

Vi ynskjer deg ein god sommar, og ser fram til å verte kjend med deg når du kjem til Balestrand!

Helsing
Henning Sagevik (fotballgruppa, BIL)
Mobil: 950 60 989
E-post: h.sagevik@gmail.com

Johannes Nilsson (trenar/lærar, Sygna)
Mobil: 908 51 531
E-post: jn@sygna.vgs.no